



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 22.08.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:00 - 16:00

Orienteringar:

-Fast orientering frå ordførar, varaordførar og kommunedirektør

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Kjartan Haugsnes	SV	Trond Olav Magnussen

Andre møtande:

Ann Kristin Bolstad, Atle Fasteland, Sølvi Legård, Åse Elin Myking

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
67/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
68/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
69/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
69/2023.1	Høring - Oppdaterte og nye forskrifter om tilskudd til natur- og friluftslivsformål
69/2023.2	Varsel om oppstart for endring av reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna-



Stanghelle.

- 69/2023.3 Vedtak - godkjenning av detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterende 300 kV Refsdal-Modalen**
- 69/2023.4 Orientering om utvikling og status i prosjektet for rehabilitering av Dalseidvegen.**
- 69/2023.5 Evaluering av utvida opningstid i barnehagen på Stanghelle**
- 70/2023 AUKE AV RAMME TIL STARTLÅN**
- 71/2023 DETALJREGULERING FOR DALE KOLLEKTIVHALDEPLASS, PLANID 4628-2021002 2. gongs handsaming**
- 72/2023 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL FOR VAKSDAL 2023-2035 TIL 2. GONGS HANDSAMING**



67/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 67/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

68/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 68/2023 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

69/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023



Behandling:

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad svarte på spørsmål frå formannskapet i sak 69/2023.5 Erlend Hesjedal Johannessen (H) stilte spørsmål til sak 69/2023.2 som ikkje kunne svarast ut i dette møtet. Ordførar ba administrasjonen om å svare på dette til kommunestyret 5.september.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 69/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

69/2023.1: Høring - Oppdaterte og nye forskrifter om tilskudd til natur- og friluftslivsformål

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

FPØ - sak 69/2023.1 Vedtak/Tilråding:

69/2023.2: Varsel om oppstart for endring av reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna-Stanghelle.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

FPØ - sak 69/2023.2 Vedtak/Tilråding:

69/2023.3: Vedtak - godkjenning av detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterende 300 kV Refsdal-Modalen



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

FPØ - sak 69/2023.3 Vedtak/Tilråding:

69/2023.4: Orientering om utvikling og status i prosjektet for rehabilitering av Dalseidvegen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

FPØ - sak 69/2023.4 Vedtak/Tilråding:

69/2023.5: Evaluering av utvida opningstid i barnehagen på Stanghelle

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

FPØ - sak 69/2023.5 Vedtak/Tilråding:

70/2023: AUKE AV RAMME TIL STARTLÅN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Kommunestyret godkjenner å auke ramma til startlån med ytterlegare 6 mill i 2023. Kommunedirektør får fullmakt til låneopptak i Husbanken på nye kr 6.000.000,- til vidare utlån til startlån i 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet tilsvarande.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte i saka og svarte på spørsmål frå formannskapet.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 70/2023 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma til startlån med ytterlegare 6 mill i 2023. Kommunedirektør får fullmakt til låneopptak i Husbanken på nye kr 6.000.000,- til vidare utlån til startlån i 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet tilsvarande.

71/2023: DETALJREGULERING FOR DALE KOLLEKTIVHALDEPLASS, PLANID 4628-2021002 2. gongs handsaming

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, PlanID 4628-2021002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegn datert 08.08.2023
- Plankart datert 24.03.2023
- Planomtale datert 08.08.2023

Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-20218002, Dale kollektivterminal, oppheva.

Tilleggsforslag frå Arbeidarpartiet:

I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det trong for haldeplass ved heradshuset Formannskapet ber om Haldeplass ved heradshuset må greiast ut i samråd med Skyss/Vestland fylkeskommune.

Tilleggsforslg frå Arbeidarpartiet:

I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det trong for haldeplass ved heradshuset Kommunestyret ber om Haldeplass ved heradshuset må greiast ut i samråd med Skyss/Vestland fylkeskommune.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking svarte på spørsmål frå formannskapet. Thor Andersen (AP) trakk fyrste tilleggsforslag frå Arbeiderpartiet grunna innstilling frå feil politisk utval. Formannskapet vart erstatta med Kommunestyret i eit nytt tilleggsforslag.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke. Arbeiderpartiet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 71/2023 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, PlanID 4628-2021002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegn datert 08.08.2023
- Plankart datert 24.03.2023
- Planomtale datert 08.08.2023

Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-20218002, Dale kollektivterminal, oppheva.

I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det trong for haldeplass ved heradshuset. Kommunestyret ber om Haldeplass ved heradshuset må greiast ut i samråd med Skyss/Vestland fylkeskommune.

72/2023: KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL FOR VAKSDAL 2023-2035 TIL 2. GONGS HANDSAMING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal kommune 2023-2035 vert vedtatt jf. Plan- og bygningslova § 11-15.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.08.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 72/2023 Vedtak/Tilråding:



Vaksdal kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal kommune 2023-2035 vert vedtatt jf. Plan- og bygningslova § 11-15.



ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR:

13.juni reiste ordførar saman med kommunedirektøren og Katrine Erstad frå K5 prosjektet til Tjekkia for å besøke prosjektpartnerane i koridor D8.

19.juni: Generalforsamling i Vaksdal næringssselskap. Avslutning for Dale skule og Eksingedalen oppveksttun.

21.juni: Kvinnehelsekonferanse i Bergen i regi av Bergen sanitetsforening.

22.juni: Deltok på møte i Stovelandutvalet.

23.juni: Deltok på møte med Statnett om den nye linja frå Samnanger til Øygarden.

27.juni: På tur med båtruta og M/B Ospenes frå Tysse til Veo via Kvamme og tilbake

28.juni: Møte med representantar frå Felleskjøpet og og Norgesmøllene om områdeplan for Vaksdal.

Fredag 30. juni reiste ordførar og varaordførar på synfaring for å sjå på utfordringane dei opplever.

28.juni var det siste møte i Bergensalliansen. Ordførar deltok også på Songkafe på Dale skule.

30.juni: Møte med Hege Lavik om nærbutikken i Eksingedalen.

Ordførar hadde ferie i juli.

31.Juli: Ordførar vart tilbake på jobb, førebuing til besøk frå to statsråd fyrste veka i august.

3.august: Besøk av Justisminister Emilie Enger Mehl.

7.august: Besøk av barne- og familieminister Kjersti Toppe.

10.august: Møte i kontaktutval for K5.

11.august: Møte i Interkommunalt planutval for sjøareal på teams.

12.august: Opna bygdedag i Bergsdalen.

14.august: Orienteringsmøte om MOT på Dale skule.

15.august: Møte i Senterpartiets ordførarforum.

16.august: Møte med representantar frå Yksendalen ved sherpatrapp-prosjektet.

18.august: Møte med representant frå Dale eigedom.

19.august: Vielse på Stamnes.

Ordførar avslutta orienteringen sin med ein powerpoint presentasjon frå turen til Tjekkia 13.juni.

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN:

Stilling som økonomisjef er lyst ut. Rekneskapsmedarbeidaren har også sagt opp stillinga sin. Det er leid inn ein vikar som rekneskapsmedarbeidar mellombels.

VNS sin nye leiar Jørgen Lie Kjøndal har starta opp i stillinga.

John Eirik Arnfinsen er tilset i kommunikasjonsavdelinga. Sverre Slettemark er ny tilsett på DIS.

Det er mykje fokus på datatryggleik, vi må følgje råd frå styresmakta. Alle har eit ansvar for å sikre teknologitryggleiken. I vårt samarbeid i Nord -Hordaland er det tilsett personell som arbeidar på dette området. Dette arbeidet må styrkjast framover.

Det skjer store sakar i kommunen. Det sendt ei sak på høyring. Generalistkommunesystemet. Likt ansvar – ulike forutsetningar. Kommunar kan kome med høyringar innan oktober. Det er nokre område Kommunedirektøren tenkjer at, om politisk nivå ynskjer det vi kanskje skulle sagt noko om. Det er rekruttering av fagfolk framover.

Skyss jobbar med nytt bussanbod frå 2025. Vaksdal har sendt inn to forslag:

-Serviceskyss mellom Boge - Vaksdal - Dale.

-Trygt heim, buss på kveldstid mellom Dale - Eidslandet. Ungdomsrådet vart kontakta.



Kontoret i Gato har ikkje vore mykje besøkt. Kommunedirektøren tilrår likevel at vi har kontoret eit år til. Vegg i Vegg med kontoret er eit lokale som kommunen disponerar, ein vil leggje til rette for at AO senterer kan bruke dette lokale.

BUA er i ferd med å flytte til AO senteret. Dei har vokse ut av Turbinen.

Kommunedirektøren ber om at møtet tilslutt i dag vert lukka for ein orientering i medhald forvaltningslova §13., 2.ledd og Kommunelova §11 – 5.

På vegner av kommunalsjef Ann Kristin Bolstad orienterte kommunedirektøren om statusmelding om flyktningar per august 2023, sekulærmigrasjon.

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF ÅSE ELIN MYKING:

-Orienterte om status for ein del pågåande prosjekt, mellom anna Geitabakken, idrettsbana Vaksdal, K5, fjellsikring Vik, Hellestraumen bru, asfaltering, planarbeid og digitaliseringsprosjekt.

MUNNLEGE SPØRSMÅL:

-Hege Eide Vik (SP) om spleis til underskot til Elvebrusfestivalen.

-Boris Groth (FRP) om klede og sko til helse.

Kommunedirektøren svarte.

-Erlend hesjedal Johannessen (H) om det ikkje er penger til å opne Vaksdal sjukeheim.

Kommunnalsjef Åse Elin Myking svarte.

-Heidi Rongved (AP) om når omsorgssenteret skal opne.

-Thor Andersen (AP) om framdriften i omsorgssenteret på Vaksdal.

-Boris Groth (FRP) er palmane kome inn i tropehagen.

Kommunalsjef Åse Elin Myking svarte.

Møtet var lukka for munnleg orientering jf fv.l § 13. 2.ledd og kl § 11-5.